

Kulturhistorisk dag for våre nye Landsmenn

27.06.2017



Elevgruppa på Vaksenopplæringa samla i Lemstova på Rød.

Nokre av våre nye Landsmenn, som er elevar på Vaksenopplæringa, var i går i Uskedalen og fekk ei innføring i vår kulturhistorie. Besøksmåla var Haugland skulemuseum, Bygdetunet Rød og Bøkkerverkstaden. Det var ei grupp som synte stor interesse for bu- og levemåten i Noreg dei siste 100 åra.

Med eigen buss og sjåfør Torgeir Øye kom alle seg trygt fram til Haugland med presist frammøte kl. 09.30. Alle sat på dei gamle pultane og måtte ta del i salmesong, skjønnnskrift på tavla og landkunna. Elevgruppa, som var i Uskedalen i går, har Eritrea, Somalia og Syria som sine heimland. Dei fortalte frå sine skular med stor variasjon i storleik og klassetal, alt frå 15 til 50 elevar i same klasserom. Ein av brukarane har sin bakgrunn som rektor på ein skule i Syra, med 700 elevar og 45 lærarar.

På bygdetunet kunne mange identifisera gjenstadane og bruksområde. Det at fleire generasjonar budde i same huset, var noko dei fleste hadde opplevd i sine heimland. Skuledagen vart avslutta på Bøkkerverkstaden.

Elevar i Vaksenopplæringa, og som er ein del av Introduksjonsprogrammet, har fulltidsveke og skal ha aktivitetar fram til fellesferien tek til. Noko av tida vert brukt til å gjera seg kjend i kommunen med utflykter til bestemte turmål. Det neste på programmet er gjesting på det nye Folgefonnaenteret. Miljøterapeut, Camilla Øvstebø, var leiar for gruppa.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Tønna vert brukt som emballasje i mange land. Her er gruppa samla på Bøkerverkstaden.